



Statens vegvesen

KOPI

Fusa kommune
Postboks 24
5649 EIKELANDSOSEN



Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2015/098443-002


Dykkar referanse:

Vår dato:
31.08.2015

Fv.48- Omklassifisering av gamlevegen utanfor Moshovdatunnelen i Fusa kommune

Etter at Moshovdatunnelen opna 17. mars 2009 har eksisterande FV 48 hatt status som FT48, dvs mellombels status (T=temporary). Strekninga er den gamle fylkesvegen som går frå kryss med ny fylkesveg 48 i vest (Hafskordalen), på utsida av Moshovdatunnelen til den møter krysset ved Helland i aust. Statens vegvesen har starta omklassifiseringssak for denne strekninga.

Det er spørsmål om kva status denne strekninga skal ha i framtida.



Statens vegvesen foreslår at denne delen av fylkesveg 48 vert omklassifisert til kommunal veg. I denne vurderinga er det lagt til grunn den funksjonen vegen har i dag, etter at det er bygd ny vegtrase i tunnel på denne strekninga. Funksjonen som den gamle vegen får er lokalveg med tilkomst til bustader. Denne funksjonen tilseier omklassifisering til kommunal veg.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Grunngjeving:

I følgje kriterium for klassifisering av 5.oktober 1987 skal grensa mellom fylkesveg og kommunale vegar gå mellom samleveg og adkomstveg, slik desse er definert i vegnormalene.

I HB N 100 (tidlegare 017) er samleveg og adkomstveg definert slik, sitat:

«

- *Samleveger er forbindelsesveger mellom for eksempel boligområder eller bydeler, og bindeledd mellom atkomstveger og hovedveger. Disse vegene har en oppsamlings- og fordelingsfunksjon.*
- *Atkomstveger er atkomst til boligområder, fritidsaktiviteter, industriområder eller lignende.*

«

Videre framgår det av kommentarar til veglovas § 2, at inndelinga i riksvegar, først og fremst skal omfatta dei store hovudtrafikkårane, viktige vegar eller som set større område i forbindelse med kvarandre då dei tener fjerntrafikken, men også viktige vegar av meir landsdels- eller regional karakter.

Fylkesvegar vil vera lokalvegar som set bygder og grender i forbindelse med riksvegar eller direkte med byar og større sentra.

Kommunale vegar omfattar først og fremst det ein karakteriserer som bustadgater og -vegar, men også vegar av lokal karakter som ikkje normalt vil vera kvalifisert til opptak som fylkesvegar.

Moshovdatunnelen har ført til at gamle fylkesvegen er vorten betydeleg avlasta og har endra sin funksjon og det er mindre bebyggelse langs denne strekninga. Alle trafikantgrupper har fått ein enklare kvardag og tungbiltrafikken har hausta den største fortenesta. Å køyra vogntog på gamlevegen var ei utfordring når ein møtte andre trafikantar. Tungbiltrafikken har også auka monaleg dei siste åra.

Vegen har nå ikkje befolkningsgrunnlag eller fører fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass m.m av regional betydning. (Viser til gjeldande reglar for funksjonsfordeling).

Det er ikkje tilrådeleg med to parallelle fylkesvegar slik at Moshovdatunnelen har overteke som fylkesveg.

Før overtaking av kommunen vil det verta føreteke vurderingar i henhold til NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7»

Tilråding med fylgjande forslag til statusending:


- Fylkesveg (FT) 48, Hp 18 , km ca. 1,760 – ca 4,746 mellom kryss ved Helland i aust til nytt kryss i vest (Hafskordalen) – lengde 2986 meter vert omklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkøyringsveg og for gåande og syklende.
- Før endelig vedtak trer i kraft og vegen overlevert til Fusa kommune skal vegen setjast i stand i henhold til NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7»

I samsvar med veglova § 7 første ledd er det Hordaland fylkeskommune som fatter endelig vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Fusa kommune, der fylkesvegen ligg, skal gje uttale i saka før endelig vedtak vert gjort.

Saka vert send dykk til uttale. Ynskjer tilbakemelding frå dykk før vi sender saka til fylkeskommunen for endeleg vedtak.

Uttalefrist vert sett til 5. oktober 2015.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing



Carl Erik Nielsen
seksjonssjef



Per Steinar Nedkvitne

Vedlegg:

NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7»

Kopi: Hordaland fylkeskommune, samferdselsavd., Postboks 7900, 5020 BERGEN